
Saksnr: 2022/95450-4
Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	6/23	19.01.2023
Fylkesutvalet	26/23	09.02.2023

Innspel til Kulturmiljølovutvalet

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på at det er sett i gong arbeid med å utarbeide ny kulturmiljølov.
2. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må legge til rette for eit heilskapleg og kunnskapsbasert kulturmiljøvern, på tvers av ulike forvaltningsnivå og lovverk.
3. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må gi det regionale forvaltningsnivået ein eigen heimel for å fatte vedtak om formelt vern av regionalt verdfulle kulturmiljø.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering - 19.01.2023

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på at det er sett i gong arbeid med å utarbeide ny kulturmiljølov.
2. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må legge til rette for eit heilskapleg og kunnskapsbasert kulturmiljøvern, på tvers av ulike forvaltningsnivå og lovverk.
3. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må gi det regionale forvaltningsnivået ein eigen heimel for å fatte vedtak om formelt vern av regionalt verdfulle kulturmiljø.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2023

Trude Brosvik (Krf) på vegner av Krf, SV, A, MDG, Sp, V fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Knytt til vedlagt innspel har ein desse endringane/merknadane:

Pkt f. Forureinar betaler-prinsippet

Fylkesutvalet meiner det er rett å halde fram ordninga med at landbruket får støtte til kulturminnegranskingar. Landbrukseigedomar er i ei særstilling, og eigarane av desse får ei svært stor belastning for fellesskapet dersom dei privat skal ta kostnad med undersøking og evt utgraving på så store område. I verste fall kan det føre til manglande rapportering, noko alle taper på.

Pkt b. Reglar om visse typar kulturminner og kulturmiljø

Fylkesutvalet er samde i at dagens forvaltningsregime for kyrkjer og kyrkjegardar er framgementert og uoversiktleg, at listeføring vert oppheva, og at dei bør forvaltast etter ei lov. Det er samtidig viktig å hugse at dette er bygg/anlegg som for ein stor del framleis er i bruk, og som må kunne brukast i samsvar med bygget sitt føremål og identitet. Dei ulike trussamfunna må likestillast i lova, samtidig må ein ta omsyn til Den Norske Kyrkja si særstilling i Norge med at ho er tilstades i alle lokalsamfunn og i langt større grad enn andre, eig og forvaltar felles kulturarv. Det er den enkelte kommune som har økonomisk ansvar for kyrkjebygga og gravplassane, noko som må kompensrast når det vert krav om vern og det som det fører med seg. Fylkesutvalet meiner også at ein heller sett grensa for vern tilbake i fht føreslåtte år 1850, td til 1814, heller enn å forslå ho fram til 1900 for vern av kyrkjene (i motsetnad til tilrådinga i pkt a).»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på at det er sett i gong arbeid med å utarbeide ny kulturmiljølov.
2. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må legge til rette for eit heilskapleg og kunnskapsbasert kulturmiljøvern, på tvers av ulike forvaltningsnivå og lovverk.
3. Vestland fylkeskommune meiner den nye kulturmiljølova må gi det regionale forvaltningsnivået ein eigen heimel for å fatte vedtak om formelt vern av regionalt verdfulle kulturmiljø.

4. Knytt til vedlagt innspel har ein desse endringane/merknadane:

Pkt f. Forureinar betaler-prinsippet

Fylkesutvalet meiner det er rett å halde fram ordninga med at landbruket får støtte til kulturminnegranskingar. Landbrukseigedomar er i ei særstilling, og eigarane av desse får ei svært stor belastning for fellesskapet dersom dei privat skal ta kostnad med undersøking og evt utgraving på så store område. I verste fall kan det føre til manglande rapportering, noko alle taper på.

Pkt b. Reglar om visse typar kulturminner og kulturmiljø

Fylkesutvalet er samde i at dagens forvaltningsregime for kyrkjer og kyrkjegardar er framgementert og uoversiktleg, at listeføring vert oppheva, og at dei bør forvaltast etter ei lov. Det er samtidig viktig å hugse at dette er bygg/anlegg som for ein stor del framleis er i bruk, og som må kunne brukast i samsvar med bygget sitt føremål og identitet. Dei ulike trussamfunna må likestillast i lova, samtidig må ein ta omsyn til Den Norske Kyrkja si særstilling i Norge med at ho er tilstades i alle lokalsamfunn og i langt større grad enn andre, eig og forvaltar felles kulturarv. Det er den enkelte kommune som har økonomisk ansvar for kyrkjebygga og gravplassane, noko som må kompensrast når det vert krav om vern og det som det fører med seg. Fylkesutvalet meiner også at ein heller sett grensa for vern tilbake i fht føreslåtte år 1850, td til 1814, heller enn å forslå ho fram til 1900 for vern av kyrkjene (i motsetnad til tilrådinga i pkt a).

Samandrag

I Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold vart det varsla at det skal utarbeidast ei ny kulturmiljølov. Kulturmiljølovutvalet er vald av regjeringa for å lage forslag til den nye lova, til erstatning for reglane om freding og vern av kulturminne i dagens kulturminnelov. Utvalet skal levere ei NOU med forslag til ny lov innan 1. september 2024. For å

klårgjera dei spørsmåla mandatet reiser, ynskjer utvalet å innhente erfaringar og synspunkt frå m.a. den regionale kulturmiljøforvaltinga. Utvalet ber om skriftlege innspel på inntil tre sider.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I *Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold* vart det varsla at det skal utarbeidast ei ny kulturmiljølov. Kulturmiljølovutvalet er vald av regjeringa for å lage forslag til den nye lova, til erstatning for reglane om freding og vern av kulturminne i dagens kulturminnelov. Utvalet skal levere ei NOU med forslag til ny lov innan 1. september 2024. For å klårgjera dei spørsmåla mandatet reiser, ynskjer utvalet å innhente erfaringar og synspunkt frå kulturmiljøforvaltinga, departement og andre organ som har praktisk erfaring med reglane og kunnskap om særlege problemstillingar.

Utvalet ber om skriftlege innspel på inntil tre sider om kva som fungerer bra og kva som er dei største utfordringane ved dagens kulturminnelov, og eventuelle forslag til korleis utfordringane kan løysast i ei ny lov. I invitasjonsbrevet frå lovutvalet, dagsett 23. november 2022, vert det lagt fram ein del sentrale spørsmål som utvalet skal vurdere. Administrasjonen sine innspel og kommentarar til dei fleste av spørsmåla ligg som vedlegg til denne saka. Innspela tek opp ei rekkje konkrete utfordringar og behov knytt til lovverk og forvaltningspraksis. Nokre moment av meir overordna karakter kan utleiast frå dei forskjellige kommentarane.

Eitt overordna moment er behovet for eit heilskapleg og kunnskapsbasert kulturmiljøvern, på tvers av ulike forvaltningsnivå og lovverk. Det er viktig at den nye kulturmiljølova gir eit godt grunnlag for dette. Dagens kulturminnelov rommar eit lappeteippe av ulike fredingstypar, som til dels overlappar i bruksområde. Dette er det viktig å rydde opp i. Samstundes vil framleis mykje sakshandsaming knytt til kulturminne skje etter andre lovar, i første rekkje plan- og bygningslova. Det er vesentleg å sikre at kulturminneomsyn vert vektlagt i all sakshandsaming, og at alle avgjerder som råkar kulturminne vert gjort ut frå godt kunnskapsgrunnlag og med fagleg baserte vurderingar. Kulturmiljølova bør difor ha ein generell aktsamheitsnorm, tilsvarande naturmangfaldlova § 6 til 9 – dvs. at alle offentlege avgjerder som råkar kulturminne skal byggje på god kunnskap, og etter eit føre var-prinsipp.

Lova bør fremje ei kunnskapsbasert forvaltning. Det gjeld både for tiltak på dei einskilde kulturminna, og samanfattande kunnskap for å kunne gjere vurderingar og prioriteringar på overordna nivå. Krav om kunnskapsinnhenting i dagens lov er i hovudsak knytt til tiltak som kan ha konsekvensar for automatisk freda kulturminne. For tiltak på etter-reformatoriske (nyare tid) kulturminne er det ingen spesifikke krav til utgreiingar eller metodikk i dei. Her bør utvalet difor sjå på meir spesifikke krav til kunnskapsinnhenting og dokumentasjon. Lova bør også seie noko om kor ansvaret for kunnskapsproduksjon og kunnskapsutvikling for kulturminna/miljøa skal liggje, til dømes at regionalforvaltninga skal sikra at det ligg føre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for kulturminna i fylket, forankra i anerkjente vitsskapelege metodar og omgrep.

Det regionale nivået har fått ei stadig meir sentral rolle i kulturminneforvaltninga. Den nye kulturmiljølova må støtte opp under og vidareutvikle oppgåveoverføring på kulturmiljøfeltet frå statleg til regionalt nivå. Regionalforvaltninga har no på dei aller fleste felt førstelinjeansvaret i

kulturminneforvaltninga, og førebur mellom anna dei fleste fredingssakene for Riksantikvaren. Likevel har regionalt nivå ingen eigen heimel for å fatte vedtak om vern, i motsetnad til stat og kommune.

Ei av hovudutfordringane i dag er det store gapet mellom det sterke vernet som ligg i eit fredingsvedtak, og det ofte svake vernet som kan heimlast i kommunal arealplanlegging. For at noko vert freda, er terskelen høg og nålauget trangt, og det er med dagens system berre eit lite utval kulturminne frå nyare tid som kan fredast. Dei aller fleste nyare tids kulturminne som får eit formelt vern, er verna gjennom omsynssone vern i reguleringsplan eller andre verkemiddel i kommunal arealplanlegging. Dette vernet kan vere eigna til å sikre kulturminne av lokal verdi, men vert ofte for svakt til å ta vare på kulturminne av regional verdi. Den nye lova bør gi det regionale forvaltningsnivået ein eigen heimel for å fatte vedtak om formelt vern, og regionalt kulturmiljømynde sitt høve til å definere regionale verdfulle kulturmiljø. Riksantikvaren kan nytte utvalet av regionalt verna kulturmiljø som grunnlag for vern av kulturmiljø av nasjonal verdi.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med visse unntak, jf. Delegeringsreglementet, reglement for fylkesutvalet, punkt 7.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til saksutgreiinga og rår til at det vet gjort vedtak i tråd med innstilling.